Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Torbjørn Guggedal	K1-223 - REFUSJON UT	24/1050

Saksnr	Utval	Type	Dato
009/24	Fondsstyret Ulla-Førre næringsfond	DK	

Søknad om støtte frå Ulla Førre næringsfond - Kakadu Ignite AS ved Ingvild Erøyvik Prestårhus

Kommunedirektøren har vurdert søknaden og gjort slikt vedtak:
Kakadu Ignite AS, organisasjonsnummer 92550359, Erfjordvegen 11, 4233 Erfjord vert innvilga kr. 25.000 i tilskot til kompetansefremmande tiltak jfr søknad dagsett 07.08.2024.

Støtta vert utbetalt etter innlevering av kvitteringar for tilsvarande sum.

Sand, 28.08.2024

Fakta
Søknaden:
Co-founder: Ingvild Erøy Prestårhus (CCO) og Hege Fiskå (CEO).
Kakadu er et norsk Impact Tech selskap med en visjon om flere skal kunne delta i dagens digitale samfunn og oppleve mestring i eget liv. Vi har en lansert tjeneste i markedet, men er avhengig av å lykkes med en bred skalering til store norsk aktører. BankID, Sparebank1 og Norsk Tipping er allerede kunde, men vi søker med dette midler for å styrke oss ytterligere med å kommersialisere tjenesten, og få kompetansehevende midler til å styrke oss med ekstern komepetanse i denne selskapskritiske fasen.
Vi ønsker å benytte beløpet til å motta kursing i både smart bruk systemer (Hubspot) men praktisk tips og råd når det kommer til salg fra konsulenter med bred erfaring. Frei er en type lokal aktør som tilbyr denne type tjenester, spisset mot startups som oss, og vil være en unik mulighet for oss å utøve - med bruk av disse midlene.
Vi har tidligere fått innvilget deler av kompetansehevende midler, men det var når selskapet var helt nyoppstartet. Nå har vi fått en helt annen forretningsmodell, selskapsstruktur og forutsetning for å virkelig lykkes i stor skala.
Innovasjon Norge har støtte verksemda med 2,7 mill sidan oppstarten.
Det vert nå søkt støtte med kr. 25.000.
Startdato for kompetansehevinga: 01.09.2024 Sluttdato: 30.09.2024
Lover, føresegner, rundskriv
Vedtekter for Ulla Førre næringsfond.
Retningsliner for Ulla Førre næringsfond.
Økonomiske konsekvensar
Det er sett av NOK 3 mill til utlån og tilskot i 2024.
NOK 1,350 mill er nytta hittil i år.

Vurdering og konklusjon
Kommunedirektøren syner til søknaden for detaljar.
Ved revisjon av vedtekter og retningsliner for Ulla Førre næringsfond våren 2024 er punktet om støtte til kompetansefremming teke bort til liks med dei andre spesifikke punkta om støtte. Punkta er erstatta med eit generelt punkt om støtte. Kommunedirektøren tolkar dei nye retningslinene slik at det framleis er høve til å gi støtte til kompetansefremming for å sikra vekst, omstilling og utvikling i bedriftene og Suldal.
Med bakgrunn i ei slik tolkning vurderer kommunedirektøren søknaden frå Kakadu Ignite AS til å vera innafor vedtekter og retningsliner. Kommunedirektøren legg til grunn dei satsane som var gjeldande før revisjon av vedtekter og retningsliner.
Kakadu har, slik dei skriv i søknaden fått støtte frå Ulla Førre næringsfond tidlegare. I oppstarten i 2021 fekk dei kr. 43.800 i oppstartstilskot og kr. 8500 i kompetansefremmande midlar. Nå skriv dei at det er 5 tilsette i verksemda og treng å styrka seg med ny kompetanse for å ta verksemda vidare i ein selskapskritisk fase som dei sjølv skriv i søknaden. .
Kommunedirektøren innvilgar kr. 25.000 i støtte til kompetansehevning jfr søknad dagsett 07.08.2024. Støtta vert utbetalt etter innlevering av kvitteringar for utlegg for tilsvarande sum.
Arbeidsfrist 30.06.2025.